



Arkivnr: 2014/989-2

Saksbehandlar: Nils Vetlesand

Saksframlegg

Saksgang

Utvål	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		12.02.2014
Fylkesutvalet		19.02.2014
Fylkestinget		11.03.2014

Budsjettendring 2014 - fylkesveginvesteringar

Samandrag

I budsjettgrunnlaget for 2014 nemnde fylkesrådmannen at ein ville koma attende til investeringsbudsjettet for fylkesvegane med bakgrunn i fylkestinget si handsaming av plan- og byggeprogrammet for 2014 og sak om rassikringsmidlar som vart handsama av fylkestinget i desember 2013.

Fylkesrådmannen foreslår i saka endringar i investeringsbudsjettet med bakgrunn i desse sakene. Det er vidare forslag om rebudsjettering av ein del mindre vegprosjekt. I saka er det også forslag om nokre nye løyingar ut frå ein gjennomgang av aktuelle investeringsprosjekt som regionvegsjefen har hatt.

Fylkesrådmannen foreslår i denne saka også at opplegget med forskottering frå Askøy kommune av nokre prosjekt i Askøypakken vert avvikla. Dette medfører at det vert nytta meir bompengar noko tidlegare i prosjektfasen enn tidlegare lagt til grunn og at den fylkeskommunale delen av finansieringa vert noko større dei siste åra enn føresett i bompengesøknaden. Askøypakken vart vedteken i Stortinget i desember 2013 og fylkesrådmannen meiner at ordninga med forskottering vil vera unødig kompliserande.

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget godkjenner at ordninga med forskottering frå Askøy kommune til prosjekt i Askøypakken vert avslutta frå og med 2014 og opphevar tidlegare forskotteringsvedtak.

- 2 Fylkestinget godkjenner at forskottering frå Askøy kommune til og med 2013 til prosjekt i Askøypakken på til saman 17,5 mill. kr vert tilbakebetalt til kommunen i 2014.
3. Budsjettet for 2014 vert endra slik:

Stad	Art	Prosjekt	Tekst	Meirutg./mindreinnt.	Mindreutg./meirinnt.
10.300 420 00	02301	07602	Fylkesvegar	52 000 000	
10.300 420 00	06201	07602	Bompengar (Askøypakken)		94 500 000
10.300 420 00	08100	07602	Rassikringsmidlar - statstilskot		24 000 000
10.300 420 00	08500	07602	Forskottering	85 000 000	
10.300 420 00	04500	07602	Tilbakebetaling forskottering	17 500 000	
10.300 420 00	08900	07602	Tilskot (rundkøyring Askøy)		25 000 000
10.790 110 00	07290	09977	Momskomp		11 000 000
				154 500 000	154 500 000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Johnny Stiansen
fylkesdirektør økonomi

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 03.02.2014

Bakgrunn

Fylkestinget vedtok budsjettet for 2014 på tingseta i desember 2013. Samstundes vedtok fylkestinget sak om fordeling av rassikringsmidlar og plan- og byggeprogrammet for 2014 for fylkesvegane, jf. fylkestingssakene 62/13, 65/13 og 69/13.

I revidert budsjettgrunnlag – som vart utarbeidd før dei nemnde to fylkestingssakene – skreiv fylkesrådmannen at ein som følge av desse sakene, ville koma attende til fylkestinget i mars med forslag om budsjettendringar for å få mest mogeleg samsvar mellom investeringsbudsjettet, budsjettet for rassikringstiltaka og plan- og byggeprogrammet.

Fylkesrådmannen går i denne saka gjennom behovet for rebudsjettering. Investeringsbudsjettet er eittårig og dette fører til at ein ikkje kan overføra løyvingar frå eit år til neste. Prosjekt som går over fleire år og får endra gjennomføringstid i høve til planen må dermed få ny løyving – såkalla rebudsjettering. Eit prosjekt som etter planen skulle vera ferdigstilt i 2013, men som av ulike årsaker først vert sluttført i 2014, treng dermed løyving også i 2014.

Fylkesrådmannen sine forslag i saka byggjer på ein gjennomgang regionvegsjefen har hatt av investeringsprosjekt med trøng for rebudsjetteringsmidlar. I gjennomgangen er det i tillegg til prosjekta som treng rebudsjettering, kome til nokre nye prosjekt. I tillegg har fylkesrådmannen sett på korleis finansieringa av Askøypakken best kan gjennomførast no etter at prosjektet er vedteke av Stortinget og har forslag til noko endra finansieringmodell.

Fylkesrådmannen sine merknader nedanfor er inndelt slik:

- Rassikringsmidlar
- Rebudsjettering
 - Plan- og byggeprogram
 - Programområda i Bergensprogrammet
 - Programområda utanom Bergen
 - Strekningsvise prosjekt utanom Bergen
 - Standardhevingstiltak
- Nye prosjekt
- Askøypakken

Rassikringsmidlar

I revidert budsjettgrunnlag frå fylkesrådmannen 1. november står det at det vil verta behov for å gjera endringar i summane som er ført opp under rassikringsprosjekta på investeringsbudsjettet.

I desembertinget 2013 vart det lagt fram ei eiga rassikringssak, samt plan og byggjeprogram for fylkesvegane. Fylkesrådmannen vil med dette foreslå å justere budsjettet slik at det vert samsvar mellom rassikringssaka vedteken av fylkestinget i desember 2013 og budsjettet.

Det kan verte behov for fleire budsjettjusteringar gjennom året på grunn av endring i framdrift for dei ulike prosjekta.

Fv 572 Trefallstrand /Oddaneset (Vaksdal kommune)

I vedtatt budsjett i desembertinget står det oppført 34,5 mill. kr i 2014 til prosjektet. Det har teke tid med å finne ei god løysing på grunn av at det er store utfordringar med å legge vegen ut i Trefallsvatnet. I 2014

budsjettet er det derfor behov for å sette av berre 2 mill. kr til vidare prosjektering og avklaring av korleis det kan finnast ei tilfredsstillande løysing på rassikringstiltaket. Budsjettet vert foreslått redusert med 32,5 mill. kr.

Fv 7 Haukanesberget (Granvin herad)

I vedtatt budsjett i desembertinget står det oppført 87 mill. kr i 2014 til prosjektet. Med utgangspunkt i anbod som er kome inn og framdriftsplan for prosjektet er det behov for å sette av 58 mill. kr meir i 2014 enn det som er lagt inn i vedtatt budsjett. Totalt er det då behov innanfor kostnadsramma for 145 mill. kr i 2014.

Fv 7 Lussandberget, (Granvin herad)

Det er sett av 68,7 mill. kr i 2014 i vedtatt budsjett og det er pr. i dag ikkje meldt inn behov for å gjere budsjettjusteringar.

Fv 572 Eddagjelet/Torgilsberget (Ulvik herad)

Prosjektet opna i september 2013 og det var i utgangspunktet ikkje satt av midlar til prosjektet i 2014. Det står att noko grunneverv som må gjennomførast i 2014 og det er behov for å sette av 1,5 mill. kr til dette.

Oppsummering rassikringstiltak 2014 (tal i hele mill. kr)

Prosjekt	Vedtatt budsjett 2014	Behov for b.justering	Justert budsjett 2014
Fv 572 Trefallstrand /Oddaneset	34,5	-32,5	2,0
Fv 7 Haukanesberget (Granvin herad)	87,0	58,0	145,0
Fv 7 Lussandberget, (Granvin herad)	68,7	-	68,7
Fv 572 Eddagjelet/Torgilsberget (Ulvik herad)	0	1,5	1,5
Diverse tiltak	3,8	-	3,8
Sum	194,0	27,0	221,0

Rassikringstiltaka vert foreslått finansiert med auka statstilskot frå den statlege tilskotsordninga for rassikring av fylkesvegar og momskompensasjonsmidlar.

Rebudsjettering

Plan- og byggeprogram

Fylkesrådmannen går nedanfor gjennom kva prosjekt som har behov for rebudsjettering:

Programområda i Bergensprogrammet

Dette gjeld følgjande prosjekt innanfor dei ulike programområda:

Gang- og sykkeltiltak

Kringsjåvegen	3,00 mill. kr
Fortau Sollien	2,30 mill. kr
Sykkelfelt Lars Hillesgate	5,00 mill. kr
Birkelundsbakken	5,00 mill. kr
Sykkelteljarar – montert 2013	1,00 mill. kr
Sum gang- og sykkeltiltak	<u>16,30 mill. kr</u>

Trafikksikringstiltak

Rundkøyring Nordås	1,50 mill. kr
Fotgjengarsikring Drotningsv./Alvøen	3,00 mill. kr
Fotgjengarsikring Nyborg/Flaktveit	<u>4,00 mill. kr</u>
Sum trafikktryggingstiltak	<u>8,50 mill. kr</u>

Kollektivtiltak

Opprusting haldeplassar	<u>7,50 mill. kr</u>
Sum kollektivtiltak	<u>7,50 mill. kr</u>

Sum rebudsjettering Bergensprogrammet 32,30 mill. kr

Programområde utanom BergenGang- og sykkeltiltak

Sluttfinansiering Valestrandsfossen	<u>0,70 mill. kr</u>
Sum gang- og sykkeltiltak	<u>0,70 mill. kr</u>

Trafikksikringstiltak

Trafikksikringsstiltak Osterøy	3,30 mill. kr
Trafikksikring Isdal-Alverflaten Lindås	1,00 mill. kr
Sluttfinansiering ulukkesp. Austevoll	0,60 mill. kr
Fartsregulering, sikt og skiltutb.tiltak	1,75 mill. kr
Sluttfinansiering ulukkespunkt Jondal	<u>0,30 mill. kr</u>
Sum trafikktryggingstiltak	<u>6,95 mill. kr</u>

Kollektivtiltak

Knutepunkt Mækjebakken	1,30 mill. kr
Korrespondansepunkt Austrepollen	0,50 mill. kr
Opprusting busskur	<u>0,20 mill. kr</u>
Sum kollektivtiltak	<u>2,00 mill. kr</u>

Miljøtiltak

Rastepllass Mundheim	<u>0,25 mill. kr</u>
Sum miljøtiltak	<u>0,25 mill. kr</u>

Mindre utbetringar

Sluttrekning utbetring Stordalen	<u>0,30 mill. kr</u>
Sum mindre utbetringar	<u>0,30 mill. kr</u>

Sum rebudsjettering progr. utanom Bergen 10,20 mill. kr

Oppstillingane ovanfor viser at det er behov for rebudsjetteringsmidlar innanfor programområda på til saman 42,5 mill. kr. I budsjettet for 2014 er det sett av 10 mill. kr, slik at det er behov for tilleggsloyming til dei ulike programområda på 32,5 mill. kr til rebudsjettering av prosjekt i 2014.

Strekningsvise prosjekt utanom Bergen

Regionvegsjefen nemner to prosjekt som treng rebudsjetteringsmidlar i 2014. Dette gjeld strekningane Utne – Herand (Ullensvang herad/Jondal kommune) og Løfallstrand – Årsnes (Kvinnherad).

For strekninga Utne-Herand gjeld det utbetringar der fylkestinget tidlegare har godkjent tiltak for til saman 20 mill. kr. Til no er det utført arbeid for 16 mill. kr og det er forslag om å løyva dei siste 4 mill. kr i 2014.

For strekninga Løfallstrand – Årsnes står det att å finansiera 2 mill. kr til grunnerverv.

Samla foreslår fylkesrådmannen dermed rebudsjettering av 6 mill. kr innanfor dei strekingsvise prosjekta.

Standardhevingsprosjekt

Regionvegsjefen foreslår følgjande prosjekt som treng rebudsjettering innanfor standardhevingstiltaka:

Mundheim – Omastrand (Kvam)	0,7 mill. kr
Lindåsbrekka (Lindås)	0,2 mill. kr
Tunneltiltak Voss og Hardanger	1,6 mill. kr
Stand.hev.tiltak Voss og Hardanger	3,0 mill. kr
Stand.hev.tiltak Storbergen kont.omr.	<u>0,8 mill. kr</u>
Sum standardhevingstiltak	<u>6,3 mill. kr</u>

Nye prosjekt

Rundkøring Florvåg (Askøy)

Det eit rekkefølgjekrav i reguleringsplan for Florvåg om å bygge ei rundkøring på fylkesvegen som kryssløysing til industriområdet tilhøyrande Frank Mohn AS. Rundkøringa vil betre trafikktryggleiken på fylkesvegen. Tiltaket inkluderer også betre løysingar for busstopp i området. Statens vegvesen er byggherre for prosjektet.

Rundkøringa er kostnadsrekna til 30 mill. kr. Frank Mohn AS har søkt om å få gje tilskot til utbygginga på 25 mill. kr. Fylkesrådmannen tilrår at søknaden vert godkjent og at regionvegsjefen får fullmakt til å inngå avtale med Frank Mohn AS om utbygginga. Fylkesrådmannen foreslår å løyva dei resterande 5 mill. kr til prosjektet.

Utgreiing – fysiske tiltak på Askøybrua

Etablering av fysisk sikring på Askøybrua vil føra til auka vindbelasting på bruа. Det er derfor behov for vindtunneltestar. Testane er kostnadsrekna til mellom 1 og 2 mill. kr. Regionvegsjefen, i samarbeid med Vegdirektoratet, har teke initiativ til utgreiing av vindbelastinga. Fylkesrådmannen foreslår å setja av 2 mill. kr til gjennomføring av desse testane.

Fortau Bildøy (Fjell)

Fjell kommune er i gang med vatn- og avløpsarbeid på fylkesvegen på Bildøy. Kommunen er byggherre for prosjektet og har søkt fylkeskommunen om medfinansiering på 0,5 mill. kr til bygging av 200 m fortau på strekninga. Regionvegsjefen er positiv til dette og meiner det er eit godt trafikksikringstiltak.

Fylkesrådmannen tilrår at det vert løyvt 0,5 mill. kr til dette tiltaket.

Kollektivterminal på Voss

I økonomiplanen er det sett av 1 mill. kr i 2017 til prosjektering av knutepunkt og kollektivterminal på Voss. Fylkesrådmannen vurderer det no slik at ein bør koma i gang med planleggingsarbeidet raskare enn det ein la opp til, og foreslår at det vert sett av 1,2 mill. kr til dette arbeidet i 2014.

Knarvik kai - Lindås

I samband med tertialrapporten etter 1. tertial 2013 løyvde fylkestinget 1 mill. kr. til naudsynt arbeid for å førebu opning av ny båtrute mellom Knarvik og Bergen frå 01.01.2014.

På landsida er det laga ny busshaldeplass med venteskur. Vegen fram til kaien er justert med tanke på universell utforming. Det skal leggast til rette for innfartsparkering og arealet må rustas opp og merkast. Det må også settast opp ny skilting knytt til endra kjøremønster. Det er inngått avtale med Statens vegvesen som nyttar sine rammeavtaler for å utføre arbeidet. Kostnadene for dette arbeidet er no stipulert til 1,5 mill. kr som er ein auke på 0,5 mill. kr. i forhold til budsjettløyvinga.

Etter at ruta starta opp 1. januar har ein fått nokre utfordringar knytt til kaiforholda. Båten som er tilrettelagt for frontlasting må mange dagar nytta sidelasting grunna vanskelege værforhold. Dette går og utover rutetidene. Skyss ønskjer difor at det vert montert ein løysing som tillater frontlasting under alle værforhold. Den gamle ferjekomplekset på Knarvik er fjerna, men Statens vegvesen kan no montera ein ny ferjeleie som båten kan gå inn mot. Dette er ei sikker løysing, og tilkomst til busshaldeplass og innfartsparkering vert også lettare. Kostnaden for ferjekomplekset er estimert til 1,5 mill. kr.

Fylkesrådmannen tilrår ut frå det som er nemnt ovanfor å løyva 2 mill. kr til sluttføring av opprustinga av Knarvik kai.

Samla foreslår fylkesrådmannen løyving på 35,7 mill. kr til nye prosjekt.

Askøypakken

Bompengeprosjektet Askøypakken vart godkjent i Stortinget 5. desember 2013. Kostnadsramma for prosjekta i Askøypakken er sett til 1 540 mill. 2013-kr. Av dette skal 1 120 mill. kr dekkast med bompengar og resten 420 mill. kr med fylkeskommunale midlar. Fylkeskommunen sin del av Askøypakken er dermed vel 27%. Opphavleg var det lagt til grunn at fylkeskommunen skulle dekka 15% eller 200 mill. kr av ein samla kostnad på 1 300 mill. kr, men auka sats for meirverdiavgift for vegprosjekt og endringar for momskompensasjonen medfører endringar for alle vegprosjekt – også for prosjekta i Askøypakken.

Momssatsen for vegprosjekt vart auka frå om lag 10% til 25% frå 2013 og ordninga med momskompensasjon vart frå 2014 endra slik at kompensasjonen for investeringsutgifter no skal førast i investeringsrekneskapen og ikkje i driftsrekneskapen som tidlegare.

Fylkestinget har tidlegare vedteke at Askøy kommune skal forskottra inntil 114 mill. kr til fire av prosjekta i Askøypakken (Fromreide – Kjerrgarden 65 mill. kr, Bakarvågflaten 30 mill. kr, Kleppe – Florvåg 14 mill. kr og Strusshamnkrysset 5 mill. kr). Opplegget var at forskotteringssummen som Askøy kommune la ut, skulle betalast attende til kommunen som ein del av dei fylkeskommunale midlane i byggetida. Det var med andre ord lagt opp til at fylkeskommunen skulle dekka 86 mill. kr gjennom utbygginga og 114 mill. kr som refusjon av forskottering til kommunen.

I finansieringsopplegget for Askøypakken var det lagt opp til at dei fylkeskommunale midlane skulle nyttast til kollektivtiltak. Auken i mva-satsen for vegprosjektet frå om lag 10% til 25% gjer at dei fylkeskommunale midlane aukar frå 200 mill. kr til 420 mill. kr. Dette er om lag dobbelt så mykje som ramma til kollektivtiltak.

Etter at prosjektet er vedteke i Stortinget og prosjektet kan setjast i gang, er fylkesrådmannen komen i tvil om det er føremålstenleg å ha forskotteringsmidlar inn i finansieringa av bompengeprosjektet. Etter fylkesrådmannen sitt syn, vil det vera kompliserande at visse strekningar skal finansierast med kommunalt forskoterte midlar, medan andre strekningar vert finansiert på vanleg måte med bompengar og fylkeskommunale midlar. Det viser seg også at ein ikkje er komen fullt i gang med prosjekta som var tenkt finansiert med forkotteringsmidlar, og det vil difor vera mogeleg å vurdera finansieringsopplegget på nytt.

Så langt har Askøy kommune lagt ut om lag 17,5 mill. kr i forskotteringsmidlar (Bakarvågflaten 12,5 mill. kr og Strusshamnkrysset 5 mill. kr). Fylkesrådmannen har vore i kontakt med Askøy bompengeselskap AS, som også meiner at forskotteringsmodellen ikkje er tenleg og at den er unødig kompliserande. Selskapet meiner det er uproblematisk om ein større del av kostnadane vert dekka med bompengar tidleg i utbyggingsfasen og at fylkeskommunen sin del kjem sist i perioden. Fylkesrådmannen meiner dette er eit godt opplegg.

Fylkesrådmannen vil ut frå dette foreslå at ordninga med forskottering ikkje vert vidareført og at den fylkeskommunale delen til finansieringa av Askøypakken vert budsjettert på vanleg måte over fylkesveginvesteringane. Fylkesrådmannen vil i tråd med dette foreslå at summen på 17,5 mill. kr som Askøy kommune så langt har forskottert, vert refundert til kommunen og foreslår å auka løyvingane i denne saka tilsvarande.

Regionvegsjefen viser til at Askøypakken no er vedteken i Stortinget og at arbeidet kan starta opp for fullt. I 2014 legg regionvegsjefen til grunn at det vil gå med 102,5 mill. kr til prosjekta i Askøypakken og fylkesrådmannen foreslår å setja av denne summen for 2014. Fordelinga av midlane er slik:

	mill. kr
Prosjektadministrasjon	11,0
Grunnerverv	30,0
Prosjektering (Fv 563 og Fv 212)	20,0
Bomstasjonar	20,0
Bakarvågflaten	21,5
Totalt	102,5

I budsjettet for 2014 er det sett av 85 mill. kr til Askøypakken. Fylkesrådmannen foreslår no – ut frå opplysningane frå regionvegsjefen – at det vert budsjettert med 102,5 mill. kr til Askøypakken i 2014 – ein auke på 17,5 mill. kr. I budsjettet for 2014 var løyvinga på 85 mill. kr finansiert med forskotteringsmidlar frå Askøy kommune. Sidan fylkesrådmannen foreslår å avvikla ordninga med forskottering, vert denne summen forslått teken ut av budsjettet, jf. tabellen finansieringstabellen nedanfor.

I tertialrapporten etter 1. tertial til fylkestinget i juni, vil fylkesrådmannen koma attende til Askøypakken med gjennomgang av framdrifta for prosjekta i pakken.

Oppsummering

Fylkesrådmannen foreslår slike budsjettendringar etter same inndeling som saksutgreiinga ovanfor:

- | | |
|-----------------------------------|-------------------------|
| • Rassikringsmidlar | + 27,0 mill. kr |
| • Rebudsjettering | + 44,8 mill. kr |
| • Nye prosjekt | + 35,7 mill. kr |
| • Askøypakken | + 17,5 mill. kr |
| • Refusjon av forskot Askøy komm. | <u>+ 17,5 mill. kr</u> |
| • Sum nye løyvingar | <u>+ 142,5 mill. kr</u> |

Fylkesrådmannen foreslår slik finansiering av løyvinga:

- | | |
|-----------------------------------|------------------------|
| • Statstilskot | 24,0 mill. kr |
| • Bompengar | 94,5 mill. kr |
| • Tilskot | 25,0 mill. kr |
| • Momskompensasjon | 11,0 mill. kr |
| • Forskottering frå Askøy kommune | <u>- 85,0 mill. kr</u> |
| • Sum finansiering | <u>69,5 mill. kr</u> |

Oppstillinga viser at det manglar finansiering for 73,0 mill. kr av den foreslalte løyvinga.

I handsaminga av budsjettet for 2014 og økonomiplanen vedtok fylkestinget at prosjekta Storskaret – Arefjordpollen, Grindavoll – Lepsøy og Ringheimsvegen – undergang skal startast i 2014. Fylkesvegbudsjettet vart auka med 176 mill. kr i 2014 som følgje av dette.

Regionvegsjefen opplyser at prosjekteringsarbeidet for dei to første prosjekta ikkje er ferdigstilt. For prosjektet Storskaret – Arefjordpollen (Fjell kommune) er det lagt til grunn at prosjektet kan lysast ut på anbod i løpet av 2014 og for Grindavoll – Lepsøy (Os kommune) er det venta at reguleringsplanen vert vedteken tidleg i 2014. Det vil difor gå med mindre midlar i 2014 enn det som er budsjettert.

Fylkesrådmannen legg i denne saka til grunn ei omfordeling mellom løvingane til desse prosjekta og det som er foreslått i denne saka – netto 73,0 mill. kr, jf. oppstillinga over. Budsjetta for prosjekta Storskaret – Arefjordpollen og Grindavoll – Lepsøy vert altså i denne omgangen samla foreslått redusert med 73,0 mill. kr.

I tertialrapporten etter 1. tertial, til fylkestinget i juni, vil fylkesrådmannen koma nærmare attende til desse prosjekta med budsjettjustering for kvart prosjekt. Då vil ein ha betre oversyn over kor mykje prosjekteringsmidlar det vil vera trøng for i 2014. Regionvegsjefen vil då også ha oversyn over trøngen for midlar i 2015 og seinare år til desse prosjekta.